



Renoveringa av skulen vert 4-5 dagar forseinka opplysar byggjeleiar Arne Myklebust i kommunen til uskedalen.no Opprinneleg var jobben lova ferdig til fredag 8. august, men det held altså ikkje heilt. Elevane vil sjølv sagt kunne rykke inn som planlagt måndag 18. august.

Myklebust strekar under at ferietida ikkje er noko gunstig tid når ein skal igang med å rehabilitera eit bygg, men han er full av ros til Arensdalsfirmaet Norstraal for den jobben dei har gjort. Han har berre gode erfaringar med sørlendingane.

Imidlertid er også dei avhengig av underleverandørar som skal levera vindaug, dørar og liknande og det er mykje som skal klaffa. Alt kan difor ikkje bli ferdig til fredag i denne veka.

Leveransen av alle innvendige vindaug skal skje den 15. og dørene kjem 12. august. Norstraal har lova å gjennomføra monteringa omgåande og dermed bli ferdig med jobben til skulestart den 18.

Byggjeleiaren innrømmer at alt kan verka noko kaotisk no, men ein kan ikkje flytta på ting før elnettet er montert.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen